

Prekestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN
NR.4, OKTOBER 2021. 82. ÅRG.



Innhald nr. 4-2021

God haust og velkommen tilbake!	Side 3
Ung sorg.....	Side 4
Minne frå barndommen.....	Side 5
Barn i sorg.....	Side 7
Sorg – en del av livet.....	Side 8
En hjelpe i sorgen.....	Side 10
Nytt Alpha-kurs i ny kirke.....	Side 11
Storslått opning av Tau kyrkje.....	Side 12
Nytt dåpsfat i ny kyrkje.....	Side 14
Søndagsskole i nye Tau kirke.....	Side 15
Nokre ord frå han Tor.....	Side 16

Adresse:
Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 7. desember
Frist for innlevering av
stoff er 5. november

Redaksjon:
Redaktør Olav Frantzen
Tlf. 977 55 271
olav.frantzen@lyse.net

Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Kristoffer Nåden Havn
Anne Brit Hatleskog

Kyrkja sin kontaktperson:
Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Prekestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,
Strand og Forsand.
Alle utanbygds abonnenter
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158
eller Vipps på Prekestolen
kyrkjeblad, eller vipp-
nummer 105004.

Grafisk formgjeving:
Marton L Fiskå
post@mfdesign.no

Trykk: Kai Hansen Trykkeri
Opplag: 7400

Framsidefoto:
Frå vigslingsgudstenesta
Tau kyrkje.
Foto: Magnar Hole Polden

Haust

*M*e skriv oktober og det er haust. For mange er dette ei fin tid med innhausting av avlingar i hagar og åkrar. I mange kyrkjer er det hausttakkefest i oktober, der barn gjerne deltek med å bera inn grønsaker, frukt og blomar, og me takkar for den grøda jorda gjev. Ein fin tradisjon i kyrkja!

Ein viktig minnedag om hausten er Alle helgensdag. I år er det søndag 7. november. Heilt frå oldtida har det vore ein minnedag for dei døde, først for dei kristne martyrene, seinare og for dei som vart kåra til helgenar, og i vår tid, ein minnedag for alle som har gått bort det siste året. Dei nærmaste pårørande vert inviterte til gudstenesta, det vert tent lys for den enkelte etter kvart som namna vert leste opp. Den liturgiske fargen er kvit, festfargen som denne dagen markerer at fellesskapet i kyrkja omfattar både dei som lever i dag og dei som er døde i det kristne håpet om eit evig liv. Dette kjem også til uttrykk i nattverdsliturgien: *Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkle i himmelen og på jordha prisar namnet ditt med samrøysta lovsong.*

*De som gikk foran oss, dem vil vi minnes
her i Guds bus, hvor en dør står på klem
inn til et glimt av den kommende verden;
de som gikk foran, vi tenker på dem!*
(Norsk salmebok nr 274, vers 1. Tekst Svein Ellingsen)

Olav Frantzen



Illustrasjonsfoto: Pixabay



God haust og velkommen tilbake!

Utan frivillige ville kyrkjelydane vore ein skugge av det dei er i dag.

Dei siste semestera har vore ekstra krevjande og gjort det vanskeleg å ha dei vanlege aktivitetane og tilboda i kyrkjelydane våre. Mange har mått venta for å vera med på si løna eller uløna teneste i kyrkjelyd, idrett, speidar og andre aktivitetar på fritida. Tenestene varierer i karakter og timar, og i normale tider er det ein imponerande innsats som vert gjort.

Tekst: Ludvig Bjerkreim, seniorprest/sokneprest i Jørpeland
Foto: Privat

REKREASJON

Vi håpar at sommaren har gitt kvile og gode dagar.

Vi unner dykk dagar fulle av opplevingar og noko av det vi elles ikkje har tid til i året.

Vi ber om at det blei ein sommar der vi kunne hente krefter og inspirasjon.

Nokre har vore innom sommarstemner og leirar. Vi ber om at de blei godt velsigna gjennom andre fellesskap og fekk med dykk noko godt frå Herren.

Nokre synest det er godt å få samtale og forbøn andre plassar enn i eigen kyrkjelyd.

Eg håpar at de fann åndelege oasar i løpet av sommaren trass i koronaen.

VELKOMMEN TILBAKE

Nå når skulane har begynt og ferien er over, ynskjer vi velkommen tilbake.

Helst med mot og krefter i møte med ein ny haust med utfordringane som ligg der.

Her er det tenesteoppgåver for mange. På den måten blir fellesskapet rikare.

Vi treng framleis alle gode medspelarar, både dei som har vore med lenge, og mange, mange nye. Eg ber om at kyrkjelydane våre kan vera gode kristne fellesskap der Jesustrua kan spira, veksa og modnast.

Eg ber om ein god haust og Herrrens velsigning over alle.

Ung sorg

Tekst: Siv Fossan

Det er svært ulikt korleis ein tenkjer om born og sorg før og no. Går ein til først på 1900 talet, var sorg og død meir ein del av livet, også for borna. Folk døydde i heimen, dei låg ofte i open kiste fram til gravferda, og borna var med i det som hende. Ut over 40- og 50-talet endra dette seg. Fleire hadde vondé minne om eigne opplevingar og ønskte ikkje at borna skulle ta del. Døden blei òg meir distansert grunna at mange fleire døydde på sjukehus og andre institusjonar. Ønskje om å skjerma borna varte heilt opp mot slutten av 80-talet. Etter det har det skjedd ei ny endring. Frå inngangen til 1990-talet blir borna sine behov for informasjon og deltaking anerkjent. Det skjedde etter lang innsats frå prestar og andre

fagfolk, og støtte blant folk som aldri hadde sett ekskludering av borna som naturleg. (kjelde: Audun Kjus, artikkel Syn og segn 2018)

Solveig Forseth, fødd Rettedal, er oppvachsen på Rettedal i Forsand. Då ho var 9 år, opplevde ho å mista sitt jamgamle søskenhjerte som døydde 2. mai 1951. Dei to hadde vore mykke saman og gjekk i same klasse på Forsand skule. Elsa fekk barneleukemi og døydde etter kort tid. Då ho gjekk på Tryggheim folkehøgskule som 20 åring og fekk i oppdrag å skrive stil om eit barndomsminne, var det dette tunge minnet ho tok fram.

Solveig har delt stilens med oss, og eg tok ein prat med henne om korleis ho minnest denne tida. Ho fortel at det var veldig tungt og sårt å

mista Elsa. Dei var ikkje berre nære slektingar, men også besteveninner. I denne tida var det ikkje så vanleg at vaksne snakka med borna om verken sjukdom eller død. Ho kunne hugsa dei vaksne snakka med kvarandre, men lite vendt mot borna. Ho fortel at læraren må ha snakka noko, for ho hugsa dei laga teikningar til Elsa då ho låg på sjukehuset. Dei var òg med og song i gravferda, som var frå heimen. At gravferda var frå heimen, var vanleg på den tida etter det ho hugsar.

Elles vart det lite snakka om etter gravferda, og det var først i vaksen alder at ho kunne snakka om dette sorgtunge ho opplevde som jente og som ho alltid har bore med seg. Me takkar Solveig for at ho ville dela si oppleving med oss, ei oppleving som òg skildrar noko om korleis ein tenkte om barn og sorg på femftalet.

*“
Det er svært ulikt
korleis ein tenkjer
om born og sorg
før og no. ”*



Minne frå barndommen

Tekst: Solveig Forseth
Foto: Privat

Eg har mange minner frå barndomen eg kunne fortelje om. Eit av dei som står klarast for meg er eit sårt minne.

Ikkje langt frå heimen min budde Elsa, søskenhjerte mitt. Me var saman frå me var små. Venskapsbandet vart sterkare til større me vart. Me var på same alder og byrja samstundes på skulen. Me hadde begge med mor den første skuledagen. Det var no tryggast å ha mor med den dagen.

Eg har gode minner frå dei første skuleåra. Elsa og eg var alltid i lag. Mødrene våre var søstre. Juletider var me i Rossavik til mor sin barndomsheim. Me køyrdet med hest og kjerre. Elsa og eg sat med

fotene i ein sekk der det var varme murstein i botnen. Eg sat i fanget på mor. Ho hadde ei kåpe med ein mjuk skinnkrage på. Å, kor herleg det var å få legge kinnet inntil kragen til mor! Trur ikkje me hadde byrja på skulen då. I Rossavik trefte me alle søskenhjertene pluss tantar og onklar. Der var òg ei søster av mor med familie. Dei budde på Berge, så det vart ein stor familie!

Mange gonger var eg med Elsa heim, eller ho var med meg heim. Det kunne vel hende me vart usamde og uvenner for ingen ville gje seg, men det varte aldri lenge før me var like gode vener att.

På skulen leika me med dei andre jentene i klassen, men elles var det me to som hadde mest felles. Eg kjem aldri til å gløyme den dagen alt vart omsnudd. Det var ein dag me sto og

song på slutten av skuledagen. Før nokon visste ordet av det sig Elsa ned ved pulten. Det varte ikkje så lenge før ho kom til seg sjølv att, men både ho sjølv og alle oss andre hadde fått ein støkk. Dette var begynnelsen av alt det vonde eg opplevde som 9 åring. Dagen etter var ikkje Elsa på skulen, heller ikkje dagane etter. Eg skjøna då at Elsa var alvorleg sjuk. Ho hadde lenge vore bleik og tynn, men ingen ana at ho bar på ein farleg blodsjukdom, barneleukemi.

Eg veit eg bad til Jesus om at Elsa måtte bli frisk, men Elsa blei berre verre og veikare for kvar dag. Eg var ofte borte og såg om henne. Ho var alltid så blid og fornøgd. Eg hørde dei vaksne snakka om at ho kom nok aldri meir på skulen. Eg kunne ikkje skjøna dette at Elsa ikkje skulle bli god att. Eg haldt fram med å be.



Born i leik: Frå venstre: Elsa Haukalid, Torunn Espedal, Aud Gjøse og Kjellaug Rossavik



1.klasse 1949: Jentene frå venstre: Torunn Espedal, Solveig Røttedal, Aud Gjøse, Elsa Haukalid og Kjellaug Rossavik
Gutane frå venstre: Mindor Gjøse, Gunvald Haukelid og Ingbjørn Rossavik

“

*Det er mi bøn at eg må få
møte Elsa att ein dag,
der sjukdom og død ikkje
kan skilja oss meir.*

”

Så gjekk det to månader. Den siste dagen eg var borte hjå henne var ho veldig slapp. Ho kunne snautt løfta handa over dyna. Mora gjekk og stelte henne, tørka sveit av panna, snudde dyna, for Elsa var så varm og heit.

Eit par dagar etter såg eg flagget på halv stang og eg visste kva det betydde. Eg var på veg til skulen og gamle bestemor stod ved vegkrysset. Eg var sikker på at ho skulle fortelja at Elsa var død. Eg ville ikkje høre, og sykla rett forbi. Då eg kom heim fortalte mor at no var Elsa flytta heim til Jesus. Elsa hadde fått sett englane som kom for å henta henne. Ho døydde med ein smil om munnen. Ho var så glad for at ho skulle få vere med Jesus.

I gravferda var me skuleborna og song i heimen. Hugsar ennå kva me song: Stille, stille Jesus taler, viser vei til himlens saler. Kom nå, kom kom.....

Me var og med ned på kyrkjegarden. Eg hugsar det så godt endå om det er 11 år sidan. Me hadde minnemøte på Bedehuset. Der var det ei 2 år eldre kusine som samla oss borna ute for å «slå på ringen». Du, kor upassande eg

synest det var! Høyrd nokre vaksne sa: «Det er godt at borna kan glede seg», men eg tenkte: Det kan ikkje vere råd at eg gler meg? Eg kunne ikkje skjøna dette. Aldri meir skulle eg få vera saman med Elsa. Kvar dag såg eg henne for meg. Eg spurde meg sjølv, men fekk ikkje noko svar då. Kvifor skulle Elsa døy? Det byrja å veksa ein trass inni meg både mot Gud og mot menneske. Mor sa sidan at ho såg aldri eg felte ei tåra. Mange gonger kunne eg stansa heilt opp og berre stura. Det som ikkje mor visste, var at eg gret meg i sovn kvar kveld fordi eg ikkje fekk vera i lag med Elsa.

Det gjorde eit veldig inntrykk på meg dette med Elsa. Det vart vanskeleg å komme over det. Men, så vart eg tante til ein liten gut ca. ein månad etter Elsa døydde. Dei budde på garden, så det hjelpte nok noko. Etter kvart byrja eg å skjøna at Guds tankar var høgre enn mine tankar, og at han ser kva som er det beste for barnet sitt. Det er mi bøn at eg må få møte Elsa att ein dag, der sjukdom og død ikkje kan skilja oss meir. Der skal alle frelse fá vera saman med Frelsaren sin i all evighet!

Det er alltid vanskeleg med sorg. For sorg er tap. Sorg er reaksjon på at ein har mista noko nært og kjært, oftast nokon nær og kjær, som eit familiemedlem eller ein ven.

Tekst: John Nessa

Det er spesielt vanskeleg med barn og sorg. For barn er ikkje som oss vaksne. Barn tenker annleis, kjerner annleis på ting, og handlar gjerne annleis enn oss vaksne. Grunnane til dette er enkle - og samstundes komplekse. Det er så enkelt som at barn er i ei anna fase i utviklinga si som menneske. Difor tenker dei annleis enn oss. Og difor er det så komplisert å forstå korleis barn tenker og føler.

Vi snakkar gjerne om at barn er uskyldige, som betyr at barnet lever i si trygge og uskyldige verd der alt er godt og alt er sjølv sagt. Det er sjølv sagt at mor og far alltid er der, det er sjølv sagt



Barn i sorg

at alle lever både i dag og i morgen og til evig tid. Barn er skjerma frå den til dels brutale vaksenverda. Og døden er vanlegvis ikkje ein påtrengande realitet for barn. Men det er nettopp dette som rammar barn i sorg. Dei blir pådytta vaksenverda, tvinga til å bli vaksne så alt for tidleg. Den barnlege uskylda forsvinn, og blir erstatta med tvil, usikkerheit og redsel. Mor er borte. Kan far og forsvinne? Kvifor mista eg broren min? Fortente eg å miste han? Var det fordi eg har vore stygg mot han?

Eg trur det er vanskeleg, ja bortimot umogeleg for oss vaksne heilt å forestille seg kva slags tankar og fantasiar barn i sorg kan få. Samstundes er det vår oppgåve så godt det lar seg gjere å ta brodden av slike fantasiar, fjerne destruktive tankar, vaksinere barnet mot alle forestillingar om skuld og ansvar. Det gjer ein ved

om den døde: Han har sovna inn, ho forlet oss, han har flytta heim. Barn tenker konkret, og ikkje i metaforar. Dersom han har sovna, når vil han vakne? Kvifor forlet ho oss? Flytta heim? Men ho kjem jo ikkje heim. Eg hugsar sjølv då eg var barn, at folk snakka om at den døde hadde fått heimlov. Heimlov, kva var det? Lov til å komme heim? Ordet gav ingen meining før eg etter kvart skjøna at det var eit himmelspråk dei vaksne nyttet seg av.

Ingen har nokon gong blitt ekspertar på å snakke med barn i sorg. Alle er vi rimeleg hjelplause. Men poenget er heller ikkje å komme med dei rette formuleringane. Poenget er å vise barnet praktisk omsorg og kjærleik, vise dei at vi er til for dei, og gi dei trygghet og livsglede tilbake.

Sorg - en del av livet!



“ Sorg er en naturlig reaksjon til et tap.
Det er den emosjonelle lidelsen en føler
når noe eller noen man har vært glad i
blir tatt fra en. ”

Alle mennesker opplever sorg i livet sitt. Det er bare sånn det er å leve. Men hva er egentlig sorg?

Tekst: Yvonne Langeland Meltveit
Illustrasjonsfoto: Pixabay

HVA ER SORG?

Det finnes mange definisjoner. Hos Oslo-psykogene.no står det beskrevet på følgende måte; «Sorg er en naturlig reaksjon til et tap. Det er den emosjonelle lidelsen en føler når noe eller noen man har vært glad i blir tatt fra en. Det er vanligst å assosiere sorg som noe som kun skjer når en som står en nær dør, og selv om dette tapet oftest førstas den sterkeste sorgen, så kan ethvert tap førstas sorg.

Andre eksempler på tap som fører til en sorgreaksjon kan være et brudd i et forhold, tap av helse, å miste jobben, tap av finansiell stabilitet, spontan-

abort, dødsfall til et kjæledyr, tap av en høyt verdsatt drøm, sykdom hos familie eller ektefelle, sykdom eller utviklingshemming hos sitt eget barn, tap av et vennskap, samt tap av sikkerhetsfølelse etter en traumatiske opplevelse som voldtekt, ran eller naturkatastrofe etc.»

ALLE REAKSJONER ER LOV

De fleste tenker nok på sorg som en beskrivelse på tap av en person man er glad i. Ved tap av en kjær person vises ofte en sterk og synlig sorg utad. Tårer, frustrasjon og sinne. Men det gjelder langt fra alle. Noen gråter sjeldent eller aldri. Noen gråter bare for seg selv og viser ikke sine innerste følelser for noen. Det betyr ikke at sorgen ikke er til stede. Det betyr heller ikke at en ikke bryr seg. Alle reaksjoner er like riktige i en sorgprosess.

OPPMERKSOMHET OG STØTTE

Når man opplever tap av noen man er glad i og som står en nær, opplever mange at de nærmeste og de rundt gir oppmerksomhet og støtte. Det kan

oppleses som trygt og godt. Hvor lenge man får ha denne oppmerksomheten, avhenger av hva som er skjedd og hvem man mistet. Men etter hvert som tiden går, trekker folk seg mer og mer unna, og man står igjen alene om sorgen, noe som ofte oppleses tøft for de sorgende.

HELT ALENE

Hverdagen kommer, enten man vil eller ei. Plutselig ble det stilt, ingen folk rundt. Og man er overlatt helt til seg selv med alle sine tanker og grublerier. Kanskje bærer man på skyldfølelse eller selvbebreidelser i tillegg. Disse dagene er ofte tunge og lange. Man føler seg helt alene i verden og helt alene om sorgen. I det stille og alene kommer ofte tårrene, sånn helt ut av det blå. På en evighetskalender står det; «Tårer er kroppens språk når noe er påtrengende. Tårer er hjelbere. De forløser.»

DEN HARDE VIRKELIGHETEN

Det kommer også en dag hvor man må ut for å ta del i dagligdagse gjøremål. Handle, gå på jobb, skole, foreldretemøter etc. Og da kan den

harde virkeligheten slå en hardt og brutaltt midt i ansiktet! Det er vanskelig å møte folks øyne når man har vært igjennom noe vanskelig. Noen opplever også at bekjente går over gata når de ser at man kommer gående. Det kan skyldes flere ting, men usikkerheten over det å møte blikket og hva en skal si til en som er i sorg, kan være avgjørende. Det kan føles ubehagelig og vondt for den sorgende.

SORG ER MER ENN Å MISTE EN MAN ER GLAD I

Mange opplever at livet endres på grunn av sykdom. Et trygt og stabilt friskt liv blir plutselig forandret, og redselen over det å ha blitt syk og alle endringer det medfører, gjør at man er bekymret og redd, det være for seg selv eller sine nærmeste, for fremtiden. Hva vil den bringe? Carina Olset fra NRK-sporten sa en gang i et intervju at: «Det er en sorg å ikke kunne leve det livet man har planlagt!» Dette er ord som beskriver hvordan en kan føle det når man opplever å bli syk. Andre igjen opplever å miste jobben. Et liv med en trygg økonomi og fast jobb, er

plutselig borte. Det kan også oppleses som sorg. Et trygt og godt ekteskap som plutselig halter, kanskje til og med ender i et brudd, kan oppleses svært dramatisk og smertefullt. Sorgen over det en har mistet, over det som ikke ble noe av, og smerten som følger med, er også en sorgprosess. Like reell og smertefull.

VIKTIG Å TA SORGEN INNOVER SEG!

Uansett hvilken type sorg man møter så er det viktigste at en tar sorgen innover seg og at man tillater seg selv å sørge, og kjenne på det vonde. Man kan ikke skynde seg i sorgen. Man må gå skrittene, og man må ta dag for dag. Vi er alle ulike individer og vi sørger alle forskjellig. Det er derfor viktig at man ikke dømmer andre ut fra deres sorgreaksjoner og prosess. Man har lov til å være sint, frustrert, trist, glad, alt en kjenner på inni seg. Sorg er en personlig og individuell prosess. Hvor lenge man sørger og hvor lang tid det tar, avhenger av person og hvilket tap man har opplevd. Det er ingen fasit på hvor lenge man har

lov til å sørge. Det viktigste er at man tar sorgen innover seg og tillater seg selv å sørge. Hvis man holder alt inne, kan vondt bli mye verre. Etter hvert vil sorgen slippe litt taket, den vil ikke forsvinne helt, men den blir gradvis lettere å leve med.

LOV TIL Å SMILE

Plutselig oppdager man at det er mulig å smile igjen. At det faktisk er lov til å smile igjen. Kanskje kan man kjenne på glede uten å få dårlig samvittighet. Kanskje bare litt, men dog, litt glede er en bra følelse når livet kjennes tungt, vanskelig og ufattelig urettferdig. Sorg er en del av livet. Vi må alle gjennom dette før eller siden. Det er en del av det å leve. Det som er viktig å huske på, er at vi eier våre egne følelser og ingen andre har rett til å mene noe som helst om prosessen vi gjør så lenge vi tar den innover oss og tar ett skritt, og en dag om gangen.

«Han gir den tredje kraft, og den som ikke har krefter, gir han stor styrke.»

Jesaja 40,29



Ragnhild Tjemsland

En hjelp i sorgen

Vi har snakket med Ragnhild Tjemsland om hva en sorggruppe er, og hvorfor det kan være godt å være med i en slik gruppe.
Ragnhild har vært med å lede sorggrupper på Jørpeland i mange år.

Foto: Privat

- Hva er en sorggruppe?

En sorggruppe er en samtalegruppe for deg som har mistet noen. Der gis det mulighet til å sette ord på det som er tungt og vanskelig. Den gir samtidig hjelp og motivasjon til å gå videre. En viktig verdi for oss er at du skal få være deg selv - med din tro, tvil eller ikke tro. Samtalegruppa drives i regi av kirken, men den er trosnøytral, alle er velkomne. Du bestemmer selv hvor åpen du vil være og hva du vil dele med gruppa.

- Noen er kanskje skeptiske til å gå i sorggruppe. Hvorfor gå et sted der jeg møter enda mer sorg når jeg har nok med min egen sorg?

Erfaringen er at sorgen blir lettere å bære når du deler den med andre. Flere opplever det godt å kunne sette ord på ting. Du kan være til hjelp for andre, samtidig som du får hjelp selv. Det kan også være en hjelp og veiledning til å leve et godt liv videre.

En deltaker uttalte: «Denne gruppen utgjorde en stor forskjell for meg.»

Gruppen gir rom for å sette ord på det som er tungt og vanskelig. Den gir samtidig hjelp og motivasjon til å gå videre. En viktig verdi for oss er at du skal få være deg selv - med din tro, tvil eller ikke tro. Samtalegruppa drives i regi av kirken, men den er trosnøytral, alle er velkomne. Du bestemmer selv hvor åpen du vil være og hva du vil dele med gruppa.



Dag Lieungh

- Hvordan er en vanlig gruppekveld?
Samlingen varer ca. 1,5 time. Gruppene legges opp etter deltakerenes behov og ønsker, men det er noen aktuelle emner som er naturlige å komme inn på i løpet av samlingene, som for eksempel:

Sykeleie, dødsfall, begravelse, møte med kirken, praktiske gjøremål etter begravelse, endret økonomi, en tom plass, tretthet, fysiske og psykiske plager, planer fremover, høytider, merkedager, nye tradisjoner, forhold til barn/ barnebarn og deres sorg.

- Når og hvor ofte er det sorggruppe?

Oppstart er i oktober/november, og møtedag og hvor ofte vi møtes, avtales etter gruppens behov, men vi tenker samlinger ca. hver 14 dag. Til sammen er det 7 gruppekvelder. Gruppestørrelsen varierer, men det kan være 5-8 deltakere i gruppen.

- Hvem tar jeg kontakt med dersom jeg ønsker å gå i sorggruppe?

Du kan ring en av oss ledere, Ragnhild Tjemsland, tlf 46447751 eller Dag Lieungh, tlf 91315779, eller ta kontakt med kirkekontoret tlf 51741130. Du kan også kontakte med prest eller andre ansatte i kirken.



Lena Steen

Nytt Alpha-kurs i ny kirke



I høst vil Strand og Jørpeland menighet igjen arrangere Alpha-kurs, denne gang i nye Tau kirke. Vi har snakket med en tidligere Alpha-deltager, Lena Steen, for å høre hvordan hun opplevde kurset.

Tekst: Michael Skappel Zülow

GLEDET SEG TIL HVER KURSDAG

Lena bor på Jørpeland, og deltok på Alpha-kurset høst/vinter 2019-2020. Hun ble invitert med av en god kollega som det året var med på å lede kurset.

- Jeg hadde fortalt henne på jobb at jeg i flere år ikke hadde hatt noe kristent fellesskap.

Hun ønsket å ha meg med, og jeg meldte meg på samme dag!

Alpha-kurset går over ti kvelder, hvor målet er å utforske den kristne tro;

Hva handler den egentlig om? Hva sier den om livets store spørsmål? Hver kveld blir det undervist i et emne, og undervisningen er laget for å engasjere og inspirere til etterfølgende samtale. Dette fikk Lena erfare.

- Jeg likte veldig godt at det var variasjon i tematikken, men samtidig en gjennomgående rød tråd. Spennende innhold som utfordrer tankesettet. Også veldig kjekt med diskusjonsgrupper etter at dagens tema var formidlet. Det var utrolig godt å være med på Alpha-kurset. Jeg glede meg til hver kursdag!

VEI INN TIL KRISTENT FELLESSKAP

Alpha-kurset er for alle, enten du regner deg som kristen eller ikke. Lena sier:

- Det er et lavterskelt tilbud der alle møtes på lik grunn, så her kan virkelig alle melde seg på.

Kurset kan også bli en vei inn til trofellesskap. Ved kursets slutt får alle

tilbud om å bli med videre i et kristent fellesskap, og for Lena førte dette til at hun i dag er en del av en huskirke på Jørpeland.

- Jeg har på grunn av Alpha-kurset havnet i huskirke med noen helt enestående damer, og det er jeg så takknemlig for.

Kurset har ledige plasser, så dersom du ønsker å vite mer om den kristne tro, ønsker å bli kjent med nye, eller kunne tenkt deg et kristent fellesskap, er det bare å melde seg på.

Tid: Onsdagskvelder fra 19.30-21.30, oppstart **onsdag 27. oktober**

Sted: Tau kirke

Påmelding: Michael Zülow (92310289), Martin Ivar Arnesen (980 37571) eller Gro W. Nag (959 90 837) eller til kyrkja@strand.kommune.no



Biskop og sokneprest saman med nåverande og tidlegare prostar og prestar, og kateketane i Strand og Jørpeland sokn



Biskop Anne Lise Ådnøy vigsla kyrkja og haldt også preika for dagen



Gudstenesta starta med prosesjon der m.a. alterlys og dåpsfat vart borne inn



Om lag 350 fekk plass på vigslingsgudstenesta




Martin Ivar og Anne Lise var liturgar under nattverden



Soknerådsleiar Britt Karin les ein av tekstane



Frott innslag av dansegruppa frå kulturskulen



Solveig Haugvaldstad og Anders Sigmundstad deltok i tekstlesinga



Forsongarar og band med Tor Marlow Barka på saksofon



Utgangsprosesjon med kyrkjetenar Wenche Krogevoll i front

Storslått opning av Tau kyrkje

Så kom endeleg dagen då Tau nye kyrkja kunne opna dørene. Kyrkja vart høgtideleg vigsla søndag 12. september, men før det var det temamøte om «Tru og psykisk helse» fredag 10. september, og stor konsert med Sigvart Dagsland og koret Cornelius laurdag kveld.

Deretter har det gått slag i slag med det eine høgdepunktet etter det andre: Valvake, misjonskveld, Haugespor med Ryfylke livsgnist, familiemøte

med songgruppa Seven, festkveld med Per Arne Dahl, gudstenester, historisk kveld om kyrkjer på Tau, ungdomskveld, gospelkonsert, kunst og klassisk kveld, og til slutt open dag laurdag 2. oktober. Stor takk til alle som har planlagt og gjennomført dette variererte og flotte programmet gjennom 17 dagar.

På desse sidene viser me nokre fotoglimt frå ein del av arrangementa dei første 9 dagane (før bladet måtte ferdigstillast før trykking). Takk til fotografene Magnar Hole Polden og Anita Grødem.



Flott konsert med Sigvart Dagsland og Kornelius



Barnesong



Olaug Bollestad i samtale med møteleiar Trond Hjorteland. Med på møtet om tru og psykisk helse var også Vidar M. Bakke



Arbeidarane frå Avanti var invitert til lunsj som ein liten takk for innsatsen med inventar og liturgiske møblar



Martin Ivar intervjuar Landy Bakke, misjonær på Madagaskar

Nytt dåpsfat i ny kyrkje



Dåpsfatet med dua i botnen

Tekst og foto: Martin Ivar Arnesen

I dåpen tar Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Når Ordet lyder og vatnet renn over eit hovud, skjer underet. Jesus kalla disiplane til å gå ut, til å døype og lære. Og han sende dei ut med løftet om at han skulle vera med dei alle dagar. Døypefonten og dei andre liturgiske møblane i Tau kyrkje er laga av Avanti, medan dåpsfatet er laga av glaskunstnaren Astri Vadla Ravnås.

Astri fortel at ho kjenner seg både audijsjuk og takknemleg over å få laga dåpsfatet. I arbeidet med fargane i dåpsfatet hadde ho tett kontakt med Per Odd Aarrestad som står for glasmaleriet og reliefet på fondveggen.

I botnen av dåpsfatet er det ei due. Astri fortel at «motivet gav seg sjølv, og skal minna oss om at Den Heilage Ande kom over Jesus då han vart døypet. I dåpen er Den Heilage Ande usynleg til stades, men og som noko synleg i dåpsvatnet».

Døypefonten og dåpsfatet skal stå i kyrkja lenge. Gjennom år og komande generasjoner skal små born bli borne fram medan andre sjøve går fram for å bli døypte.

Astri ønskjer å formidle trua på Jesus gjennom kunsten sin. Måtte vatnet som skal renne over menneskehovud bli til velsigning for mange. Når Han får velsigne, blir det meir enn nok.



Dåpsfatet på plass på døypefonten som er laga av Avanti



Ivar Nesvåg



Marita Vold

Søndagsskole i nye Tau kirke

18. september ble det avhold søndagsskole «kick-off» i nye Tau kirke.

Menigheten ønsket med dette å markere starten på et nytt søndagsskolesemester, i nye, flotte lokaler!
Kirkebygget har gode fasiliteter for å ta imot mange barn til søndagsskole, og menigheten ønsker alle småbarnsfamilier velkommen på gudstjeneste fremover!

Tekst: Michael Skappel Zülow

SØNDAGSSKOLEN VIKTIGERE ENN NOEN GANG

Med ny kirke, og mer boltre plass til rådighet, ønsket også søndagsskolen i Strand menighet fornyelse og utvidelse av tilbuddet. Det ble startet en prosess med å engasjere flere ledere og å tenke nytt for søndagsskolen og høsten.

Menighetsrådsleder Britt Karin Keilegavlen Grødem var pådriver i denne prosessen. Hun sier at

